

Øystein og Gina Hella Skiftesvik
Selfallet 80
5936 Manger
oystein@skiftesvik.no

Manger, 22.10.2017

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger
postmottak@radoy.kommune.no

INNSPEL TIL KULTURMINNEPLAN RADØY KOMMUNE 2017-2027

Underteikna er heimelshavarar av gnr/bnr 45/320 og med dette ei notbu (byggningsnummer 176150378) og eit naust (byggningsnummer 176155825) i Mangersvågen. Naustet er allereie Sefrak registrert (bygning frå før 1900), medan notbua er det ikkje. Begge desse bygningane er vurdert som kulturminne i verneklasse A i kulturminneplanen.

Det er vår meining at desse to bygningane ikkje naturleg er ein del av naustmiljøet i Mangersvågen. Dei er ikkje tilgjengelege frå landsida utanom via feltet på Seilfaldet og kan vanskeleg gjerast tilgjengeleg som ein del av ei eventuell kulturløype saman med dei andre bygningane i Mangersvågen. Kommunen har tidlegare gjeve inntrykk av at dei deler denne vurderinga. Kommunedelplan for Manger 2007-2017 seier "**6.4 Spesialområde vern - Område aust for Mangervågen og sør for Mangerspollen og ved eidet på Mangersnes inneheld kulturhistoriske verdiar og skal i hovudsak regulert til føremålet spesialområde, vern.**" Arealplankartet har dette området markert som A- Allmennyttige føremål. Vestsida, der våre bygningar står, er ikkje nemnt og i kartet er dette området markert som småbåthavn. I reguleringsplanen for Selfallet bustadfelt er teigen bygningane våre står på markert som N1 – Naust, og føresegnene til planen beskriv maksimal grunnflate og mønehøgt på nausta. Terrenget i teigen gjer at det ikkje er lett å sjå for seg korleis ein skal kunne byggje naust her utan å rive eksisterande. Eigedommen er etter desse planane kom omsett i marknaden med verdi sett utifrå at teigen er regulert av kommunen til naust. Me kan ikkje sjå at det har dukka opp nye moment sidan reguleringsplanen og kommunedelplanen som gjev grunnlag for å no vurdere bygga som kulturminne.

Naustet er opprinneleg eit grindbygg av ukjend alder, men oppført før 1900. Store delar av bygget er vorte reparert og bytta ut, utan at ein har brukt gamle teknikkar. Taket og tre veggjar er av bølgeblekk av nyare dato medan siste veggjen er ståande bord med mykje råte. Innvendig er gamle takbjelkar erstatta av 2x6, det same har skjedd med stavlægja og betane. Skråband er i nokon tilfelle spikra til ny material eller heng i lause lufta. Slik det ser ut for oss er det berre stavane og skråbanda som er att av det gamle bygget. Dersom ein skal restaurere dette vil ein nesten ende opp med eit slags Thesevs skip, der få av delane eigentleg er autentiske.

Notbua er eit grindbygg av ukjend alder, men nyare enn 1900. Bygget er prega av dårleg vedlikehald i mange år og er i veldig dårleg stand med mykje råte i konstruksjonen. Her er òg tidlegare gjort

vedlikehald utan å ta omsyn til gamle byggeskikkar, men ikkje i like stor grad som i naustet. Nothuset er bygd inntil berget og manglar nordvestvegg. Her renn vatn rett inn i naustet. Naustet står òg så lavt at det er vatn på golvet under springflo. Sjølv med oppattvøling ser me ikkje at dette nothuset kan dekkja dei behov ein har til sjøhus i våre dagar.

Slik me ser det har ikkje bygga nokon spesielt høg alder, eventuelle oppattvølte bygg vil ha låg autentisitet, dei er ikkje sjeldan på øyna, potensialet for bruk er lavt og plasseringa gjer moglegheitene for formidling lav.

Me bed om at bygningane våre vert fjerna frå lista over kulturminne i verneklasse A.

Med venleg helsing

Øystein Hella Skiftesvik

Gina Hella Skiftesvik